

Uskedalen ©Kvinnheringen 2008-11-10 08:39:51



Uskedalen i morgontimane måndag, sett gjennom Kvinnheringen sitt webkamera

Nå har også Uskedalen fått sitt webkamera, som ein kan få kontakt med ved å gå inn på Kvinnheringen på nettet.

- Kameraet er montert på huset til Knut Myklebust, opplyser redaktør Tomas Bruvik til uskedalen.no. Nå disponerer Kvinnheringen åtte kameraer rundt om i Kvinnherad. Nokre driftar dei sjølv medan dei har avtale med andre.
- Det begynner å bli god dekning, seier Bruvik.

Dei andre stadene er Skålagato i Rosendal, den nye båthamna i Rosendal, Sæbøvik, Klubbavikjo, Husnes, båthamna i Høylandsbygd og Fjellhaugen skisenter.

Alle kamera fungerer ikkje like godt, biletet frå skisenteret er til dømes 'froste fast' på eit sommarleg panorama, datert 29. juli.

Uskedalingar som ynskjer webkameraet velkomne og har teke kontakt med uskedalen.no er ikkje misnøgd med plassering og kameravinkel. Ein kan sjå dei sentrale delane av Uskedalen med båthamnane i fokus. Men fleire er naturleg nok opptekne av at vinkelen blir justert når julegrana er tent !

Av Ola Matti Mathisen